

Marita Aarhus Olsen

Det gode og det vonde i segn

Skilnaden på det gode og det vonde i eit utval av segner frå Seljord kommune

Mai 2022

NTNU

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet.
Det humanistiske fakultet
Institutt for språk og litteratur

Bacheloroppgåve

2022



Marita Aarhus Olsen

Det gode og det vonde i segn

Skilnaden på det gode og det vonde i eit utval av segner frå
Seljord kommune

Bacheloroppgåve
Mai 2022

NTNU

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet.
Det humanistiske fakultet
Institutt for språk og litteratur



Kunnskap for ei betre verd

Innhald

Innleiing og problemstilling	2
Om folkedikting	3
Kva er det eigentleg å vere god eller vond	5
Strukturalistisk analyse av fem segner frå Seljord kommune	6
Aktantmodellen og funksjonsskjemaet	6
Analyse av segnene med bruk av Greimas og Propp	8
Framstillinga av det overnaturlege	13
Kan samfunnsroller påverke framstillinga av god og vond	15
Skilnaden mellom det maskuline og det feminine	17
Konklusjon	20
Hovudlitteratur	22
Sekundærlitteratur	22
Vedlegg	23

Innleiing og problemstilling

I fleire tusenår har munnlege fortellingar blitt bruka til ulike formål. Hovudsakeleg blei munnlege forteljingar bruka for underhaldning, der forteljingane kunne skape latter, gode kjensler og humoristiske stunder. Ikkje desto mindre, blei munnlege forteljingar også bruka som ein arena for å fremme kva som var rett og galt. Bodskapen om rett og galt har vore eit viktig element i historia til munnlege forteljingar, og i nordisk litteratur kan ein spore dette heilt tilbake til dei religiøse forteljingane i norrøn tid. I seinare tid, stod fokuset på det daglegdagse livet i bondeklassa og på den alminnelege skikkelse. Slikt at det som var rett og galt, blei nå fremma med å bruke skikkelsar lyttarane kunne relatere meir til, i staden for gudar. Rikelege mengder av dei fleire hundre år gamle forteljingane forfatta av og for bondeklassa, blir fortsett fortalt i dag og blir kalla for folkedikting. Den norske folkediktinga kan ein dele inn i fleire undergrupper basert på eigenskapar og karakteristikk, der segn, soger, eventyr og viser er nokre døme. I Seljord kommune er det eit stort fokus på folkediktinga, som eit resultat av at område har vore rik på representasjon av dei ulike estetiske formane i folketradisjonen. I barnehagane og skulane er det obligatorisk å lære, sjå og høyre på dei ulike estetiske formane for folketradisjon. Kommunen har også eit aktivt sogelag, som arrangerer turar, held foredrag, har utstillingar og samlar inn alt av kulturmateriale som bilete og folkedikting. Arkivet til sogelaget er stort, og fleire av dei tilsette ber på mykje informasjon som ikkje er nedskreven i bøker. Min hovudkjelde til dei fleste segnene eg vil fokusere på, er *Folkeminne frå Telemark* (1981) av Sigurd Telnes. Han tilhøyrrer den lokalkjente diktarfamilien Telnes frå Seljord. Familien har vore ein stor bidragsytar til innsamlinga av folkedikting i kommunen, då store delar av deira inspirasjon til diktinga kjem frå folkedikting.

I denne oppgåva vil eg undersøkje segn, og korleis skiljet mellom det gode og det vonde blir framstilt i segner frå Seljord kommune. Måten oppgåva vil bli strukturert på, er å dele den i to delar; intro og analyse. Introen vil bestå av teori om folkedikting og segn, samt diskusjon om kva det eigentleg er å vere god eller vond. I analysedelen vil eg utføre ein strukturalistisk analyse av fem segner frå kommunen, for så å diskutere ulike aspekt med segnene som kan påverke framstillinga av det gode og det vonde. Dei fem segnene eg har valt å ta utgangspunkt i er *Sterke Nils*, *Sjøormen Selma*, *Då Heilag Olav fekk tussen til å byggje kyrkje for seg*, *Skuldalsbruri* og *Tårån i trøppin*. Grunnen for valet av desse fem, er at dei representerer godt både innhaldet, tematikken og forma i store delar av segnene frå Seljord kommune. Kommunen, som er ein del av Vest-Telemark, er også langstrakt, og delt inn i tre hovudbygder; Seljord, Flatdal og Åmotsdal, der Seljord er kommunens administrative

sentrum (Seljord Kommune, 2022). Eg har derfor sørga for å ha valt ut segner frå dei tre bygdene, slikt at alle tre skal vere representert. *Sterke Nils, Då Heilag Olav fekk tussen til å byggje kyrkje for seg*, og *Sjøormen Selma* er frå Seljord, *Tårån i trøppin* frå Flatdal og *Skuldalsbruri* frå Åmotsdal. Segnene eg har valt er også nokre av dei mest fortalte segnene den dag i dag, som kan vere eit teikn på at dei er gode representasjonar av segnene i kommunen.

Då det dessverre ikkje har blitt utført mykje forskning på segn, kjem eg til å ta utgangspunkt i teori og sekundærlitteratur om eventyr, særleg Propp, Greimas og Solberg. Det dei skriv om eventyr er i høgste grad relevant også når ein skal undersøkje segn, då desse sjangrane har ein del likskapar. Teoriane til Propp og Greimas er også tidlegare bruka om andre typar narrativ (Solberg, 2007, s. 32).

Om folkedikting

Før eg skal undersøkje *korleis skiljet mellom det gode og det vonde blir framstilt i segner frå Seljord kommune*, vil eg kort ta for meg folkedikting og sjangeren segn. Igjennom heile det siste tusenåret, har den munnlege forteljartradisjonen stått sterkt i den norske bygdekulturen. Til tross for dette, var det ikkje før nasjonalromantikken på 1800-talet at det blei vist noko betydeleg interesse for folkediktinga i litteraturvitskapen (Andersen, 2012, s. 85). Interessa for folkediktinga, var eit resultat av at folkediktinga blei sett på som ein av dei få forteljarformane som ikkje hadde blitt betydeleg påverka av den danske unionen. I nasjonalromantisk ånd blei folkediktinga sett på som noko heilt norsk, og kunne derfor stå i fronten for nasjonsbyggingsprosjektet. Etter nasjonalromantikken, blei dessverre det store fokuset på folkediktinga svekka.

Eventyrsjangeren er ein sjanger som ein ser i nesten heile verda sin litteraturhistorie. Eit kjent element i eventyr er at dei ikkje har tids- eller stadbestemming, slikt at dei i motsetning til segn, ikkje handlar om eit fenomen eller historiske personar knytte til eit lokalsamfunn (Andersen, 2012, ss. 192-195). Av denne årsaka, kan ein kunne tenkje seg at segner har kome litt i skuggen av eventyret, då eventyra kan forteljast over landegrensene, utan å måtte forandre seg stort innhaldsmessig. Overlevering av segner utanfor lokalområde, kan derfor ha vanskar med å overleve, då ein ofte må ha visse lokalkunnskapar for å kunne forstå alt med segnene. Sjølve omgrepet segn, kjem frå det gamalnorske ordet *segja* som kan omsetjast til å fortelje (Solberg, 1999, s. 37). Sjangeren, som namnet tilseier, er ein munnleg forteljing. Segn er også fortsett ein svært munnleg sjanger, då eit stort tal av Noregs segner ikkje har blitt skrivne ned eller utgitt. Det som skil segn ut frå dei andre sjangrane i

folkediktinga, er at segner blir påstått å vere sanne forteljingar. For å kunne skape ei truverdigheit med forteljingane, bruka forfattarane omverda og personane rundt lyttarane (Andersen, 2012, s. 85). Av denne grunn, blei ofte kjente skikkelsar frå bygdene, bruka som hovud- og bipersonar i forteljingane. Sidan om hen hadde vore til stades under handlinga, ville forteljinga ha eit større grunnlag for å vere sann. Segner har også ei høgst uregelmessig form, og kan kome i alle slags ulike lengder og forteljarstilar. Tidsperspektivet i segner kan også variere, slikt at eit segn kan ta for seg ei fem minuttars handling, til ei handling som varar over fleire hundreår (Solberg, 1999, s. 38).

Slikt som dei fleste andre sjangrane blir også segner delt inn i undergrupper basert på handlinga og skikkelsane i den. Talet av undergrupper kan variere frå kjelde til kjelde, der dei oftast vekslar mellom å ha to til fire undergrupper. I denne oppgåva vil eg bruke inndelinga til Olav Solberg, som han legg fram i *Norsk folkedikting: litteraturhistoriske linjer og tematiske perspektiv* (1999). Solberg delar segner inn i fire undergrupper: naturmytiske segner, historiske segner, opphavssegner og nåtidssegner (Solberg, 1999, s. 38). I naturmytiske segner, også kalla for overnaturlege segner, er handlinga basert rundt overnaturlege makter og skikkelsar (Solberg, 1999, s. 38). Det vil si at ein kan møte på skikkelsar som tussar, troll, gygrer, sjømonstre og liknande i handlinga. Ein kan lure på kvifor overnaturlege skikkelsar slik som tussar er i ein sjanger som påstår å vere basert på ekte hendingar. Årsaka til dette er at overnaturlege vesen blei trudd til å eksistere like mykje som mennesket sjølv i bondesamfunnet (Solberg, 1999, s. 146). Handlinga i historiske segner baserer seg rundt ein eller fleire historiske skikkelsar eller hendingar. Personane i historiske segner vil ofte ha hatt ei viktig betydning på enten godt eller vondt i bygda. Det kan også vere personar og hendingar som har hatt ei generell viktig betydning for heile Noreg, slikt som Olav den heilage (Solberg, 1999, s. 39). Opphavssegner handlar om korleis ulike ting og fenomen blei til. Ofte var dette korleis bygda sjølv blei til, eller ulike naturfenomen som til dømes spesielle danningar i eit fjell (Solberg, 1999, s. 39). Nåtidssegner, også kalla for vandrehistorier, er segner som har oppstått i seinare tid. Då nåtidssegner er forfatta i eit moderne samfunn, vil dei bere preg av moderniseringa, og vil følgeleg skilje seg ut frå dei andre undergruppene (Solberg, 1999, ss. 40-41). Spesielt kan ein merke forskjellen på korleis samfunnet i hendingane er bygd opp. Der dei andre segnene baserer seg i små bondesamfunn, baserer nåtidssegner seg i eit meir urbanisert område (Solberg, 1999, s. 41).

Kva er det egentleg å vere god eller vond

For å kunne diskutere om korleis skiljet mellom det gode og det vonde i segnene frå Seljord kommune blir framstilt, vil eg fyrst ta for meg spørsmålet om kva det egentleg er å vere god eller vond. Når ein slår opp orda ‘god’ og ‘vond’ i den digitale ordboka til Universitetet i Bergen og Språkrådet, vil ein kunne danne eit bilete av kva det inneber å vere god og vond. Under ‘god’ står det: bra, skikka, flink, dyktig, behageleg, grei, ekte, ærleg, positiv, respektabel og lovande, derimot under ‘vond’ står det: vanskeleg, fysisk og psykisk skadeleg, sint, ubehageleg og plagsam. Av denne grunn, vil ein kunne tenkje seg at eigenskapane skildra i ordboka under god og vond, vil kunne kongruere med framstillinga av om ein person er god eller vond i både litteraturen og den verkelege verda. I folkediktinga blir aktørane hovudsakeleg delt inn i to delar, ein god og ein vond. Om ein set denne inndelinga inn i ein skala, som går frå å vere den godaste til den vondaste i ei forteljing, vil det i praksisen vere usikkerheit i midten om nokon tilhøyrar den eine sida eller den andre. Ein kan ta basis i kva ordboka skildrar som god og vond, men det vil framleis vere vanskeleg om personane ikkje utmerkar seg til ein side. Til tross for dette, så blir det framstilt eit klart og tydeleg skilje i eventyr mellom kven som er den gode eller den vonde. Eventyr inneheld klare representantar frå både den gode og den vonde sida, og bipersonane blir skildra som god eller vond, utifrå kven dei støttar og hjelper. Kontrasten mellom det gode og det vonde har blitt ein viktig del av eventyret, men ikkje nødvendigvis i segner (Andersen, 2012, s. 194). Dette kan ha med at segner påstår å vere sanne forteljingar, som inneheld ekte personar og skikkelsar. I den verkelege verda vil ein kunne nemne personar som representerer både den gode og den vonde sida, men det vil vere så som seie umogeleg å dele inn alle menneskje inn i ein god og vond del. Dette har med at det er ekstremt mange faktorar som er med på å bestemme om ein person er god eller vond. Det vil også bli avgjort utifrå til dømes kva slags religion eller generasjon personen som dømmer tilhøyrar, kvar hen bur, kva samfunnsroller personen har med meir. Framstillinga av ein god og vond person kan ergo variere frå stad til stad, samt tid til tid, slikt at persepsjonen av det gode og vonde vil stadig vere i utvikling. Det vil også vere personar som ikkje passar inn i enten å vere god eller vond, då mange har gjort både gode og vonde handlingar. Kvar dei personane hamnar, blir opp til kvart individ som dømmer dei, då det vil vere avhengig i kva ein vektlegg i dømminga.

Til tross for at det er problematisk å setje eit tydeleg skilje i den verkelege verda, kan ein sjå generelle trekk i den gode og vonde sida i folkedikting. Då segner ofte tek for seg personar og handlingar i bondeklassa, har det seg slikt at det er ofte dei rike og meir

autoritære skikkelsane som blir framstilt som dei vonde (Solberg, 2007, s. 48). Ein ser også at det ofte er dei utstøyte frå samfunnet, som blir framstilt eller får rolla som dei vonde. Dei utstøyte kan vere utstøytt frå samfunnet av ulike grunnar, slikt som kriminalitet eller at dei ikkje handlar etter dei kulturelle og sosiale normene og reglane i samfunnet. Denne gruppa tek også for seg dei overnaturlege skikkelsane.

Ein kan følgeleg setje spørsmål til om det eigentleg er ein nødvendighet å ha ein representasjon frå den gode og den vonde sida i segn. I fleire tilfelle, slikt det vil komme fram i segnene nedanfor, er det ikkje alltid ein representant frå både den vonde og gode sida til stades. Likevel, vil det i dei fleste tilfella vere ein klar representant frå den eine sida, slikt at eit budskap om det rette og det gale vil fortsett kunne komme fram. Handlinga til enten den gode eller vonde skikkelsen, vil altså vere så klart galt eller riktig, at ein representant frå den andre sida vil ikkje vere ein nødvendighet.

Strukturalistisk analyse av fem segner frå Seljord kommune


Som utgangspunkt i min analyse av skilje mellom det gode og det vonde i segnene frå Seljord, vil eg bruke Propp og Greimas sine analysemodellar. Modellane er eigentleg rekna til eventyr, men kan også brukast til andre strukturalistiske analysar. Modellane tek for seg korleis karakterane blir uttrykt og framstilt ovanfor publikum, samt typiske trekk med narrative forteljingar, med fokus på folkedikting. Før eg set i gang med analysen, vil eg fyrst introdusere hovudinnhaldet til modellane og forkinga til Propp og Greimas.

Aktantmodellen og funksjonsskjemaet

Ein av dei fremste retningane innanfor språkvitskap, kulturvitskap, folkloristikk og litteraturvitskap på 1900-talet var strukturalismen (Solberg, 2007, s. 29). I 1928 blei *Morphology of the Folktale* utgjeve av Vladimir Propp på russisk. Avhandlinga var basert på forkinga Propp hadde utført på russiske undereventyr, og blei seinare ein viktig del av forkinga av folkedikting over heile verda. Likevel, blei ikkje avhandlinga omsette til engelsk før heile 30 år etter den originale utgjevelsen. Konsekvensen av den seine omsettinga, var at arbeidet til Propp ikkje vart bruka eller kjent av forskarar utanfor det russiske språkområde før rundt 1960-talet (Solberg, 2007, ss. 29-30). Det Propp ville med arbeidet, var å finne ut korleis strukturen i eventyr var, med å sjå på handlinga og personane i eventyra. Propp kom fram til at skikkelsane i eit eventyr kunne bli delt inn i sju rollar: the hero (helten), the villain (fienden), the false hero (den falske helten), the donor (gjevaren), the helper (hjelparen), the dispatcher (sendaren), og the princess (prinsessa) (Propp, 1968). Dei sju rollane kunne igjen

opptre i 31 forskjellige funksjonar, der funksjonane tek basis i handlingane til dei russiske undereventyra. Funksjonane kan lettare bli forklart som delane og elementa handlinga i alle eventyr kan bli delt inn i (Vedlegg 6) (Propp, 1968, s. 64). Dette betyr at alle eventyr er satt opp av dei 31 funksjonane, der nokre av funksjonane kan bli slått saman til eit funksjonspar (Propp, 1968, ss. 64-65). På den andre sida, vil det ikkje bety at kvart eventyr vil bestå av alle dei 31 funksjonane. Funksjonsskjemaet til Propp kan også bli bruka til analyse av andre litterære tekstar enn eventyr, så lenge tekstane har funksjon 8 og 19 (Solberg, 2007, ss. 30-32). Desse funksjonane handlar om at fienden i teksten må utføre ein viss skade eller at ein mangel oppstår, samt at dette må bli løyst. Likevel, vil ein kunne ta til betraktning for dei andre funksjonane til stede i analysen, om enten funksjon 8 eller 19 ikkje er til stedes.

Algirdas Julien Greimas var språkforskar, og er oppfinnaren av den kjente aktantmodellen, der han minskar dei sju rollane til Propp ned til seks: subjekt, objekt, sendar, mottakar, motstandar og hjelpar, og kallar dei for aktantar i staden for rollar (Greimas, 1987, ss. 107-109). Her har Grimes slått saman gjevaren og hjelparen, til aktanten hjelparen, samt fienden og den falske helten til aktanten motstandaren, gjort prinsessa om til objektet, og helten til subjektet. Aktantane blei plassert inn i tre aksjar; prosjektaksen, konfliktaksen og kommunikasjonsaksen.



Det som er interessant her, er at i følge Solberg antek Greimas i modellen at helten er subjektet, og derfor at den gode må vere i subjektaktanten (Solberg, 2007, s. 34). Det blir dermed naturleg at fienden, eller motstandaren av subjektet blir den vonde. Til tross for dette, introduserer Greimas idéen med at ein kan dele dei ulike aktantane inn i både positiv eller negativ, der aktantane alltid må ha ein motstridande motpart (Greimas, 1987, s. 108). Her tek Greimas også opp at det er typisk å plassere positiv og negativ inn i god og vond i folkediktinga, men at;

«Such a moralizing investment is, however, neither necessary nor sufficiently general. It can easily be replaced by an *aestheticizing* investment, or it can be distributed not simply according to the two opposed deixes, but instead according to the numerous terms of the semiotic square» (Greimas, 1987, s. 108).

Det som er viktig å hugse på når ein brukar aktantmodellen, er at den berre viser kva funksjon aktørane i handlinga har, og ikkje noko om handlinga sjølv. Aktantmodellen kan dermed ikkje i seg sjølv avsløre kven i handlinga som gjer dei gode eller vonde handlingane, men berre den ytre funksjonen til aktørane (Solberg, 2007, s. 35). I tillegg kan aktørane opptre i fleire enn ein aktant, som betyr at subjektet kan til dømes også vere mottakar. Likevel, vil det ikkje vere mogleg at subjektet kan kunne opptre i aktantane hjelpar og motstandar, då det vil vere umogeleg for ein skikkelse å kunne gje seg sjølv hjelp eller motstand. Årsaka til dette er at Greimas forstår det slikt at «hjelparen og motstandaren bare er projiseringar av subjektets førestillingar om eigen vilje til å handle og gjere motstand» (Solberg, 2007, s. 35). Måten eg vil bruke aktantmodellen på, er å fyrst setje kvart segn sine aktørar inn i modellen, for så å sjå på om det er ein samanheng i aktanten aktøren blir setje inn i, og korleis aktøren blir framstilt i god-vond skalaen. Deretter vil eg setje aktørane opp mot funksjonsskjemaet, for å kunne analysere handlingane deira opp mot det gode og det vonde. Totalt sett, vil ein dermed få ein meir heilskapleg analyse av kvar i god-vond skalaen aktørane hamnar.

Analyse av segnene med bruk av Greimas og Propp

Skikkelsen Sterke Nils opptre i mange forteljingar. Eg har derfor valt ut ei segn som eg tenkjer representerer han best, som er då han møter på nokre karar som er stygg mot hesten deira (Vedlegg 1) (Telnes B. , 2021). Om ein plasserer aktørane inn i modellen, blir den slik: Karane → Lasset → Sterke Nils – Kona til Nils → Sterke Nils ← Karane. Her ser ein at aktøren karane og Sterke Nils opptre i to aktantar kvar. I forteljinga reddar Sterke Nils ein hest frå karane, som både slår og piskar hesten deira. Sterke Nils får også lasset hesten drassa på, då han vant veddemålet om at han kunne bære lasten opp vegen utan hesten. Då karane vil ta hemn på Sterke Nils, vil dei ha med nokre kjempekarar frå Bø, men når kona til Nils frårår karane at det er med Sterke Nils dei hadde med å gjere, ville dei ikkje vere med likevel. Ho hjelper dermed Sterke Nils, slik at han slepp å få hemn på seg. Om ein fører aktørane over til Propp vil Sterke Nils vere helten og karane vere fienden. Dette blir også støtta av funksjonsskjemaet til Propp. Funksjon 8, som er at fienden utfører skade, kjem her fram i at karane skader hesten. Skaden har blitt gjort kjent for Sterke Nils, slik i funksjon 9, og helten, altså Sterke Nils, vil gjere noko med dette, slik helten i funksjon 10. Videre blir Sterke Nils

testa slik som helten blir i funksjon 12, og frigjer hesten som ein reaksjon, slikt helten gjer i funksjon 13. Funksjon 16 kjem fram i at Sterke Nils og karane vil krige mot kvarandre, som ender opp med at Sterke Nils vinn over karane og skaden blir gjort god igjen, slikt i funksjon 18 og 19 (Propp, 1968, ss. 30-55). Her vil modellane konkludere med at Sterke Nils blir framstilt som den gode, og karane dei vonde.

I *Då Heilag Olav fekk tussen til å byggje kyrkje for seg* møter me på Olav den heilage og Tussen Fing Fong (Skåne i andre versjonar). Olav den heilage vil byggje kyrkje i Seljord, men treng hjelp. Han blir tilboden å få kyrkja byggja for seg, så lenge han inngår eit veddemål med ein tusse. Om Olav ikkje klarar å finne ut av namnet til tussen før kyrkja er ferdig bygd, må han gi bort sitt hjarte (hovudet i andre versjonar) til tussen. Rett før tussen blir ferdig med kyrkja, gjeng Olav den heilage fortvila inn i skogen då han tenkjer han kjem til å tape veddemålet og livet. Då høyrer han ein tusse synge til barnet sitt. Det viser seg at den syngande tussen er kona til Fing Fong som byggjer kyrkja, og i songen avslører ho namnet til tussen; Fing Fong. Då Olav den heilage seier namnet til tussen, dett tussen i sjokk ned frå kyrkjetaket og døyr (Vedlegg 2) (Telnes S. , 1981, s. 72). Aktantmodellen vil sjå slik ut: Fing Fong → Kyrkja → Olav den heilage – Tussekona → Olav den heilage ← Fing Fong. Segna er sette saman av funksjon 1; Helten Olav reiser heimanfrå og til Seljord, funksjon 8a; Olav vil ha ei kyrkje, funksjon 12; Tussen gjev ei oppgåve til Olav den heilage, om å finne ut namnet hans før tida er gjenge, 13; Helten Olav den heilage klarar å finne ut av namnet til tussen, og dermed klarar han oppgåva gjevaren gav, og 18; helten Olav den heilage vinn over fienden Fing Fong, og fienden døyr. Her blir Olav den heilage framstilt som helten og den gode som klarte å redde sitt eget liv, samt å skaffe kyrkje til befolkninga. Tussen derimot blir framstilt som den vonde fienden som trua Olav med livet, og prøvde å fange han inn i ei felle. Uansett om Fing Fong døyde til slutt frå fallet sitt, blir det ikkje framstilt som ei direkte handling av Olav den heilage. Heller som ein slags karma.

I *Skuldalsbruri* møter me på Signe Skuldal. Signe er den einaste arvingen av ein rik gard. Faren hennar vil sørge for at garden kjem i gode hendar, så han vil bestemme kven Signe skal gifte seg med. Signe vil gifte seg med ein husmannsgut, men fekk ikkje lov av faren då han ikkje var ein verdig friar. Det ende opp med at ho blei gifta bort til ein rik odelsgut. Signe vart så lei seg, at imens alle festa på bryllaupskvelden, gjekk ho ned i tjernet og drukna seg sjølv. Ho ville heller vere daud, enn å vere ulykkeleg gift (Vedlegg 3) (Telnes S. , 1981, ss. 88-91). Modellen vil sjå slik ut; Faren → Signe → Odelsgut– (tom) → Signe ← Faren. Segna kjem fram i funksjonane 2, med at Signe får eit forbod av faren sin om å kunne gifte seg med den ho vil, samt funksjon 8, med at Signe blir gifta bort til ein rik odelsgut av

faren, som fører til at ho tek livet sitt. Funksjon 8 er det sentrale og den siste i handlinga. Det er faren sin skyld at Signe tek livet sitt, slikt at det likevel er fienden som forårsakar døden til Signe. Ein kan dermed seie at det er funksjon 8.14, som er at fienden utfører eit mord (Propp, 1968, ss. 30-35). Ei ana tolking, kan vere at faren 'fangar' Signe inn i ei ulykkeleg forloving. I denne tolkinga vil ein kunne seie at det er funksjon 8.15, som er at fienden fangar og held offeret fanga (Propp, 1968, ss. 30-35). Det kan vere opp til diskusjon om også funksjon 7 er til stades, som er at offeret lar seg bli fanga og hjelper fienden ubevisst (Propp, 1968, s. 30). Dette er sidan offeret Signe hjelper faren (fienden), med å gå med på å gifte seg med den rike odelsguten. Likevel, er forlovelsen heilt ufrivillig frå hennar side, men er noko ho berre må, då faren er sjefen over ho. Det er dermed ikkje utan vit at ho hjelper faren å oppnå det han ynskjer.

Tårån i trøppin handlar om gygra Tårån og hennar familie (Vedlegg 4). Ein kan seie at *Tårån i trøppin* kan bli delt inn to hovuddelar. Dette er sidan segna tek for seg to ulike situasjonar med same hovudperson. Det å samle slike forteljingar til ei forteljing er ikkje unormalt i folkedikting (Propp, 1968, s. 94). Fyrste del tek for seg Tårån og mannen hennar Steingrim. Dei budde på Skorve men hadde dyr nede i dalen, slikt at veggen heim for Steingrim var tung og bratt. Ein dag sklei Steingrim og datt nesten utanfor ein fjellhulle, som hadde resultert i døden. Tårån ble redd for at dette skulle skje igjen, så ho tok og klora ut trappetrinn i sida på fjellet med berre hendene, slik at veggen opp og ned frå fjellet skulle vere trygg for Steingrim. Andre del av segna tek for seg møtet mellom Tårån og Olav den heilage. Olav den heilage skulle kristne Flatdal og byggje kyrkje i dalen, rett nedanfor Skorve. Tårån lika ikkje dette, så ho kasta ein stein mot kyrkja. Olav den heilage straffa såleis gygrene for det Tårån hadde gjort, med å mane dei i søvn. Etter mange år vakna dei opp igjen, og bygda var kristna. Tårån lika ikkje dette. Særleg lika ho ikkje alt bråket som kom frå kyrkja. Tårån ropa derfor til Glima som budde på Mælefjell, og dei vart einige om at dei ikkje lika det som skjedde i bygda. Den siste systema Signe som budde på Bindingsnuten, var ueinig med systrene sine og likte lydane frå kyrkja, og reiste til og med sjølv ned for å vere med på messene. Ho fekk dermed namnet Ljose-Signet. Det mest produktive vil vere å fylle ut to aktantmodellar for å vise Tårån i dei ulike situasjonane. I del 1 vil modellen stå slik; Tårån → Trappetrinn → Steingrim – (tom) → Tårån ← Fjellet, og i del 2; Tårån → Stein → kyrkja – Glima → Tårån ← Ljose-Signe + Olav den heilage. Kommunikasjonsaksen vil også kunne vere slik; Olav den heilage → forbanning → Gygrene, slikt at den endelege vil kunne vere Tårån/Olav den heilage → Stein/forbanning → Kyrkja/Gygrene.

Første del av segna består av funksjonane 1; Steingrim reiser heimanfrå, 8; Steingrim slår seg og nesten døyr, på grunn av det bratte fjellet, 8a; Steingrim manglar ein lettare og tryggare veg mellom dalen og toppen av Skorve, 9; Tårån blir skremt av å nesten miste mannen sin, og 18-19; med at Tårån grev ut trappetrinn inn i fjellet, og vinner over den fæle fjellsida. Det som er vanskeleg her er at det ikkje er ein direkte fiende i del 1, men det bratte fjellet kan ta over som fiende til gygrene. I folkedikting blir naturen sett på som noko levande, og kan både vere til hjelp og hindring for helten (Solberg, 2007, s. 181). Det er vanskeleg å setje andre del av segna om *Tårån i trøppin* inn i funksjonsskjemaet til Propp. Dette er sidan det ikkje direkte er ein helt til stede, men heller to fiendar og motstandarar som er ueinige. Det er ikkje klart om det er ein helt, då begge partar (Tårån og Olav den heilage/kristendommen) utagerer mot kvarandre. I segna kan ein argumentere for at Olav den heilage og kristendommen blir framstilt som den vonde sida, ergo fienden, slikt at Tårån er den motstridande sida som utagerer mot kristendommen. Dette gjer at funksjon 8-10 kan passe, med at Olav den heilage påfører skade på gygrene med å mane dei i stein, og då Tårån vaknar og blir klar over situasjonar, vil ho gå til mothandling og snakkar med systrene sine. Likevel, gjev Tårån opp med å 'vinne' over Olav den heilage og fikse skaden etter at ho blei lagt i søvn, noko som er det motsette av det helten til Propp gjer (Propp, 1968). Om ein heller snur på tanken om Olav den heilage som vond og Tårån som god, til det motsette, vil andre del vere satt saman av funksjon 8; Tårån kaster stein mot kyrkja, 9-10; Olav ser det Tårån har gjort og reagerer med å mane gygrene i søvn, 18; Tårån gjev opp då ho innser at ho ikkje kan vinne over Olav den heilage og kristendommen, slikt at Olav vinner. Tårån er her fienden og Olav med kristendommen helten. Likevel, er dette motseiande med del 1 der Tårån blir framstilt som den gode og helten i situasjonen. Segna viser såleis at ikkje alle narrative tekstar kan bli sett opp i funksjonsskjemaet til Propp.

I forteljninga om Tårån er det ikkje klart og tydeleg kven som skal bli framstilt som den vonde eller den gode i segna. Solberg i *Inn i eventyret* (1999) skildrar subjektaktanten til Greimas for å vere helterolla til Propp. Ergo vil det bety at den som er i subjektaktanten vil vere på den gode sida, og da helst helten. I *Tårån i trøppin* følger me Tårån, og ein vil plassere ho som subjekt, og Olav den heilage som motstandar av ho. Olav den heilage kan også kunne oppfattast som den falske helten. Dette er sidan han gjer gygrene til stein for å beskytte kyrkja, men på grunn av hat mot det gygrene representerer, som er den norrøne mytologien. Likevel, vil ein kunne tenkje seg at han opptrer som fiende, då han forårsakar fysisk skade på Tårån og systrene hennar. Dette er også den åttande funksjon til Propp, som tek basis i handlingane til fienden (Propp, 1968, ss. 30-35). Tårån forårsakar heller aldri fysisk

skade på nokon, til tross for at ho kaster ein stein mot kyrkja. Då Tårån blir skildra som fysisk sterk og sta, vil ein kunne tenkje seg at ho ville ha gjort meir fysisk motstand, om ho var den vonde. Det er tvil i at om ho var den vonde, så ville ho berre latt Olav den heilage komme seg unna etter det han gjorde mot ho og familien hennar. *Tårån i trøppin* viser her problemet med at aktantmodellen og funksjonsskjemaet berre visar funksjonen til aktørane, og ikkje dei andre handlingane dei gjer som kan gjere at dei kan tolkast som gode eller vonde.

Sjøormen i Seljordsvatnet er det siste segna eg vil ta opp i analysen (Vedlegg 5).

Fenomenet 'Sjøormen' har eksistert i fleire hundre år, og det dukkar stadig opp nye og gamle forteljingar om ho. Sjøormen i Seljord har fått tildelt namnet Selma i seinare tid, og har sidan ca. år 1750 blitt nemnd i ulike kjelder og samanhengar. Ein av dei eldste segna om ho, omhandlar reisa til Gunnleik Andersson Verpe over vatnet på veg frå Bø til Nes. Gunnleik frakta flyttelass over vatnet, då han blei angripen av Sjøormen midt ute på vatnet. I forteljinga om Gunnleik blir aktantmodellen slik; Sjøormen → Vald → Gunnleik - (tom) → Gunnleik ← Sjøormen. Sjøormen blir i denne forteljinga framstilt som fienden og den vonde, og Gunnleik blir eit offer for hennar handling. Segna er kort, og finn berre stad over få setningar, og består då av funksjon 1; Gunnleik reiser heimanfrå, og 8.14; med at Sjøormen tek livet av Gunnleik. Segna har dermed ingen helt, med berre ein fiende og eit offer.

I segnene frå Seljord er det gjennomgåande at den som kan tolkast som den gode i segnene står som subjekt, imens den vonde står som motstandar. Dette kan me til dømes sjå i segna *Sterke Nils, Då Heilag Olav fekk tussen til å byggje kyrkje for seg* og i del ein av *Tårån i trøppin*. Tårån blir plassert i subjektsaktanten i både del 1 og 2 av segna. I del ein blir Tårån klart framstilt som god, men i del to er det eit komplisert forhold mellom Tårån og det gode og det vonde, der ho ikkje blir framstilt som enten eller. Tanken om det gode i subjektsaktanten og det vonde i motstandaraktanten, blir også støtta av korleis segnene om Sjøormen har blitt fortalt dei siste hundreåra. I dei eldre segnene som til dømes den med Gunnleik, er ho fienden og står i motstandaraktanten.

Dei uskyldige eller offera for dei vonde handlingane i segnene frå Seljord, slikt som Gunnleik i *Sjøormen* og Signe i *Skuldalsbruri* kjem også i subjektsaktanten. Desse segnene har også ingen helt, men heller berre ein fiende/motstandar av subjektet. Dei segnene utan ein helt, blir vanskelege å sette inn i funksjonane til Propp, då store delar av Propp fokuserer på helterolla (Propp, 1968). Her er det igjen viktig å ta til betraktning at Propp sitt arbeid i *Morphology of folktale* er rekna til undereventyr, og ikkje segn. Dei fleste eventyr har ein lykkeleg slutt der det gode vinner, derav trenger dei ein helt. Segner derimot trenger ikkje å ende godt, og ender ofte i tragedie eller ulykke, slikt ein ser i segnene ovanfor (Solberg, 2007,

s. 47). Det betyr at i forteljingar med både eit offer og ein helt, vil helten opptre som subjekt, og offeret i ein ana rolle. Dette kan me til dømes sjå i dei nye refereringar til Sjøormen. I fleire av dei nye forteljingane om ho, er ho ikkje ein motstandar, men heller eit offer som kan vises i aktantane hjelper og mottakar. Ho dukkar nå opp i fleire barnebøker som til dømes *Tambar og sjøormen* (2011) skrive av Tor Åge Bringsverd. Her vil hovudpersonen hjelpe Sjøormen med tannverk, men dei må gjere det i skjul, sidan ein svenske vil fange Sjøormen. Sjøormen blir ikkje her framstilt som ein motstandar eller fiende, men eit misforstått vesen, og hamnar i mottakaraktanten. Skiftet av framstillinga av skikkelsen Sjøormen er godt integrert i dagens forteljingar om Sjøormen, då skikkelsens framstilling har utvikla seg saman med lokalsamfunnet.

Framstillinga av det overnaturlege

Solberg delte segner inn i fire undergrupper: Naturmytiske segner, historiske segner, opphavssegner og nåtidssegner (Solberg, 1999, s. 38). Kategoriseringa er basert på innhald, skikkelsar og hendingar, men ein kan ofte sjå ei segn kan opptre i fleire av dei ulike gruppene (Solberg, 1999, s. 26). Dette er nok også årsaka til at fleire vel å ha færre undergrupper enn til dømes Solberg. Slikt ein kan sjå i dei fem segnene i hovudanalysen, har me fleire døme på segner som opptre i fleire grupper. *Då Heilag Olav fekk tussen til å byggje kyrkje for seg* kan både vere naturmytisk på grunn av tussane, men også historisk då Olav den heilage opptre i den. Segna tek også for seg oppbygninga av kyrkja i Seljord, og kan følgeleg også vere eit opphavssegn. *Tårån i trøppin* inneheld også historiske personar slikt som Olav den heilage, samt overnaturlege vesen slikt som gygrene. Slikt som i *Då Heilag Olav fekk tussen til å byggje kyrkje for seg*, blir det også bygd ein kyrkje i *Tårån i trøppin*, samt trappetrinna i Skorve. *Sjøormen* er i seg sjølv ein overnaturleg skikkelse. Likevel, inneheld forteljingane om ho ekte personar, slikt som Gunnleik. *Sterke Nils* og *Skuldalsbruri* er døme på reine historiske segner, då dei berre tek for seg ekte personar som skal ha levd. Ein kan dermed sjå i dei fem segnene, at dei overnaturlege skikkelsane kan dukke opp i både historiske segner og opphavssegner, i tillegg til sin eigen kategori naturmytiske segner. Ein kan derfor setje spørsmål til om ein kan sjå noko forskjell i framstillinga av det gode og det vonde i dei segnene med og utan overnaturlege skikkelsar. Vidare kan ein sjå om det er ein forskjell på kvar i god-vond skalaen dei overnaturlege skikkelsane kjem i forskjell til menneska.

Segnene med overnaturlege skikkelsar tek for seg mykje av den same tematikken som dei segnene utan overnaturlege skikkelsar. Generelt i folkedikting og i folketrua er overnaturlege skikkelsar tenkt til å vere høgt eksisterande i bondesamfunnet. Det store skilje

mellom menneska og dei overnaturlige skikkelsane, var at dei overnaturlige skikkelsane var sterkt knytte til naturen, slikt som ein ser med gygrene (fjell), Sjøormen Selma (vatn) og tussen Fing Fong (skog). Solberg kallar også skog, berg og vatn for den overnaturlige verda (Solberg, 1999, s. 128). Interessant nok er også dette stadene der gygrene, Sjøormen og tussen tilhøyrar og opptre i. Solberg fortset å skildre verda slikt; «Den overnaturlige verda er ofte trugande og farleg for menneske som kjem i kontakt med den. (...) [D]en overnaturlige verda fungerer som fengsel for mennesket i folkediktinga» (Solberg, 1999, ss. 128-129). Solberg trekker altså ein direkte linje mellom det vonde og det overnaturlige i folkediktinga.

I den strukturalistiske analysen såg eg på forholdet mellom plasseringane til aktørane i aktantmodellen, samt i funksjonsskjemaet. I analysen kom ein fram til at til dømes tussen Fing Fong klart blei framstilt som motstandar og fienden. Fing Fong samsvarer altså med det Solberg skriv om forholdet mellom det vonde og det overnaturlige. Derimot er diskusjonen om dei overnaturlige skikkelsane Sjøormen og Tårån og det gode og det vonde vanskelegare. Tårån til dømes blir framstilt som den gode kona som hjelper mannen sin i del ein, men kan tolkast som både den gode og den vonde i del 2. Forskjellen mellom del ein og to, er at del ein berre har overnaturlige skikkelsar og opptre i den overnaturlige verda, imens i del 2 møter me på den historiske skikkelsen Olav den heilage. Del 2 tek også for seg eit møte mellom den overnaturlige verda og bygda Flatdal. Då tolkinga om kva som er det gode og vonde varierer frå kvart individ, kan det vere vanskeleg å bruke Tårån som støtte til teorien om at dei overnaturlige er dei vonde i segn. Det har også seg slik at ikkje alle gygrene er einige med kvarandre, då Signe støttar kristendommen. Likevel, er det interessant at Tårån gjekk frå å tydeleg bli framstilt som god i del ein til ubestemmeleg i del to. Årsaka til skiftet mellom delane, kan vere at kristendommen vart godt integrert i den norske kulturen og i Seljord på den tida segna blei forfatta. Det at segna er dikta i kristen tid veit ein, då tida handlinga i segna utspeler seg i, blir i introduksjonen kalla for heidensk tid. Det at forfattaren levde i ein kristen tid, kan ha gjort det vanskeleg å framstille gygrene som den gode sida, og helgenen Olav som den vonde. Såleis kunne den fine balansen med jamn framstilling av Tårån og Olav den heilage som heller motstandarar av kvarandre, i staden for ein god og ein vond, bidra til religionsdiskusjonen i Noreg. Det er tydeleg at Sjøormen blir framstilt som den vonde i originalsegna, der ho drep Gunnleik. Den gamle Seljordspresten Hans Jacob Wille gav også ein skildring av Sjøormen i *Beskrivelse over Sillejords Præstegjeld*; «[M]eget rar, men derhos den forgiftigstea af alle. Den gaaer under Vandet, som en Aal, og for en del Aar siden hug den en Mand i sin store Taae» (Wille, 1786, ss. 160-161). Til tross for dette, blir ormen framstilt som ein god skikkelse og eit offer i dei nyare forteljningane om ho. Sjøormen har ikkje angripe

nokre personar på fleire hundreår, og har heller ikkje påført nokon materielle skadar (Sandsdalen, 1976). Sjøormen er nå meir eller mindre tolka som eit offer for menneskets påverknad på naturen og livet som er til stades i den. Kommunen brukar også nå Sjøormen som symbol på kommunen, og har mange kunstverk som er knytte til ormen. Ei skildring av ein nyleg bygd skulptur går også slik; «Selma er veldig snill og likar godt å bli klatra på og klappa på» (Telemarkshistorier, 2021). Det er ikkje sikkert når den nye oppfatninga av Sjøormen starta, men den var vertfall stadfesta i lokalsamfunnet i 1983. Dette er sidan det blei funne eit slangeskinn frå ein 3,6 m lang slange i Seljordsvatnet, som blei fyrst antatt å vere frå Sjøormen. Funnet av slangeskinnet skapa kaos i lokalsamfunnet, og det var ikkje før det blei bekrefta at det var restane frå ein kvelarslange, at befolkninga kunne puste ut om at det ikkje var Sjøormen (Telemarkshistorier, 2021). Sjøormen blei ein så stor og viktig skikkelse i Seljord, at ein gul sjøorm på raud bakgrunn blei kommunevåpenet i 1989 (Seljord Kommune, 2022). Om ein berre skal ta originalsegna til betraktning, kan ein sjå at dei overnaturlege skikkelsane blir i fleirtal framstilla som dei vonde, der Tårån er unntaket. Likevel, viser utviklinga av framstillinga av Tårån oss at segner med både overnaturlege og menneskelege skikkelsar, vil rette meir tvil og vondskap til det overnaturlege, enn det menneskelege.

Kan samfunnsroller påverke framstillinga av god og vond

Segn er ein sjanger laga av folket, og handlar som regel om dei i bondeklassa. Av den grunn, kan ein setje spørsmål til om ulike samfunnsroller samsvarer med kven som blir framstilt som god eller vond i segnene. Generelt kan ein sjå at sympatien ligg hos dei som kjem frå dei fattigare kåra i folkediktinga, og dei får ofte rolla som helten. Dette kan vere eit resultat av at tilhøyrarane av bondesamfunnet vil sjå ein av sine eigne vere helten, då dei elles ikkje fekk denne statusen i litteraturen eller i storsamfunnet generelt. Dei vonde i segnene plar derimot å vere dei utanforståande i samfunnet helten eller subjektet lever i, slikt som dei rike, mektige og utstøytte i storsamfunnet (Solberg, 2007, s. 48).

Olav den heilage var ein mektig mann då han frelste Seljord og Flatdal. I segnene frå Seljord kommune blir han framstilt som både god og usikker. I *Tårån i trøppin* kan Olav den heilage bli tolka som god, med at han vil beskytte kyrkja og dei kristne i bygda frå gygrene. På den andre sia, blir han like mykje framstilt som vond, med at han påfører skade og øydeleggar for gygrene. Det er i *Då heilag Olav fekk tussen til å byggje kyrkje for seg* at godheita til Olav den heilage kjem mest fram. I situasjonen med tussen er han villig til å ofre seg sjølv, for at Seljord skulle bli til ein kristen bygd. Solberg diskuterer Olav den heilage som skikkelse i folkediktinga i *Norsk folkedikting* (1999). I diskusjonen argumenterer Solberg

for at Olav den heilage kan ha tatt over plassen den norrøne guden Tor hadde i samfunnet etter kristninga (Solberg, 1999, s. 163). Årsaka var at «Folketrua 'trong ein å setje i staden for Tor som både hadde verna dei mot vonde makter og gjevi dei gode årringar. (...) Olav i folketrua vart Tors etterfylgjar som vernar av bondesamfunnet'» (Solberg, 1999, s. 163). Olav den heilage sin samfunnsrolle blei då vernar av bondesamfunnet, og kunne derfor tolkast som ein god mann.

I *Sjøormen*, *Sterke Nils* og *Skuldalsbruri* blir lesaren introdusert til skikkelsar i bondeklassa. Aktørane i segnene tilhøyrar alle bondeklassa, og står i utgangspunktet på likt nivå som samfunnsrolla bondefolk. Signe Skuldal i *Skuldalsbruri* skil seg derimot frå dei andre to segnene, med at ho kjem frå ein meir velstående og rik bondefamilie. Følgeleg, er status, makt og rikdom på spel då Signe som einaste arving skal gifte seg. Faren hennar vil ikkje og har ikkje råd til å svekke statusen han har som storbonde i samfunnet, så han vil sørge for at friaren må komme frå ein familie med høg status. Det at faren blir framstilt som vond, samsvarer med teorien om at dei med ein rolle som fører til meir makt og status i samfunnet blir framstilt som dei vonde i segnene (Solberg, 2007, s. 48). Til tross for framstillinga av faren som vond, handla han etter normene i samfunnet, slikt at segna kan vere ein kritikk på kor mykje samfunnsroller, makt og rikdom har å seie i samfunnet.

Ut i frå Hans Jacob Wille sin *Beskrivelse over Sillejords præstegjeld i Øvre-Telemarken i Norge* (1786) kan ein tyde at skilje mellom fattig og rik, samt dei sosiale gruppene, var betydeleg i Seljord kommune. Spesielt i kapittel 4 blir linjene mellom verdien til eit menneske og rikdom lagt fram. Wille skriv her; «Ingen tituleres for en brav mand, uden han er riig; og jo større rigdom nogen bar, jo mere bliver han respecteret» (Wille, 1786, s. 233). I sitatet set Wille ein direkte assosiasjon til at ein må vere rik for å vere ein god mann. Meir nøyaktig, meiner Wille at ingen kan kallast for ein bra mann, om han ikkje er rik. Meiningane til Wille, motstrider med det som kjem fram i segnene frå Seljord kommune. Det er sjeldan at segnene frå Seljord handlar om dei som ber på store rikdommar, med unntak av Olav den heilage. Til tross for dette, blir ein stadig introdusert for skikkelsar som er framstilt som gode. Årsaka til dette, kan vere at segnene skal vere ein representasjon på korleis lokal samfunnet faktisk var, og dermed viser dei lokale sosiale motsetningane i Seljord (Solberg, 1999, s. 192). Det var ikkje vanleg for bondeklassa i Seljord å ha kontakt med dei rike, og dei med mykje makt slikt som til dømes kongelege, som ein ofte møter på i eventyr. Derfor kan ein ikkje bruke Wille sin skildring av ein 'brav mand' som bakgrunn i det bondeklassa vurderte som det gode.

Skilnaden mellom det maskuline og det feminine

Kjønn kan vere ein faktor i det gode og det vonde i segn, særleg i segnene med menneskelege skikkelsar. I dei fem segnene frå Seljord kommune, kan ein sjå at dei vonde oftast er ein maskulin skikkelse, samtidig som dei maskuline skikkelsane er også oftast dei gode. I segnene har me to menn som blir framstilt som gode; Sterke Nils og Olav den heilage, og to maskuline skikkelsar som blir framstilt som vonde; Fing Fong og faren til Signe Skuldal. Det er ikkje unormalt at det er dei maskuline skikkelsane som er klarast framstilt til å vere gode eller vonde i folkediktinga. Dette er eit resultat av at menn har igjennom historia alltid hatt og tildelt seg sjølv ein viktigare funksjon og rolle i samfunnet og i litteraturen. Utfallet av dette, er at menn både blir framstilt som gode og vonde, då det var som regel mellom menn konflikta oppstod.

Den danske folkloristen Bengt Holbek gjorde ein observasjon mellom kjønna i forteljinga, og kva slags kjønn forfattaren hadde; «Det var skilnad på menns og kvinners eventyr; menn fortalde helst eventyr med mannleg helt, mens kvinner fortalde eventyr med hovudpersonar av begge kjønn» (Solberg, 2007, s. 46). Me veit ikkje kva slags kjønn forfatarane av segnene hadde, men ein vil kunne anta at det som Holbek påpeikar om eventyr skjer også med segn. Dette fenomenet er heller ikkje uvanleg i litteraturen, og det vart ikkje før rundt tusenårsskiftet at ein kunne sjå meir utjamning mellom kjønna (Casey, Novick, & Lourenco, 2021). Det at ein oftare ser maskuline skikkelsar som gode eller vonde i segn, betyr ikkje at menn er meir gode eller vonde enn kvinner. Det har simpelt med at menn fortel om menn, og at menn hadde ein større sjanse for å oppleve konflikt i det patriarkalske bondesamfunnet, då det er dei som bestemmer dei sosiale reglane (Solberg, 1999, s. 214). Store delar av segnene frå Seljord, er med på å støtte denne verden dominert av menn, men dei er også døme på kritikk mot det patriarkalske bondesamfunnet. *Skuldalsbruri* er eit godt døme på dette. Her kan ein tyde at forfattaren kritiserer maktposisjonen faren har over dottera. *Skuldalsbruri*, samt andre kvinner på denne tida, blei sett på som objekt menn kunne bruke for å orientere og stabilisere den sosiale og materielle posisjonen dei hadde i samfunnet (Solberg, 1999, ss. 198-199).

Eit resultat av den skeive fordelinga mellom feminine og maskuline aktørar i segnene, er at dei feminine aktørane heller blir plassert i ein offerposisjon i segnene. Dette kan me til dømes sjå i *Skuldalsbruri*, samt fleire segner frå Seljord slikt som *Olovshellaren* og *Kivlemøyane*, der kvinnene er offer for vonde handlingar gjort av menn (Telnes S., 1981, ss. 94-96). Om dei ikkje blir framstilt som eit offer, får dei tildelt rolla medhjelpar slikt som kona

til Fing Fong i *Då heilag Olav fekk tussen til å byggje kyrkje for seg* og kona til *Sterke Nils*. Resultatet av å plassere kvinner i offerposisjon eller medhjelpar, er at dei blir til eit hjelpemiddel for å kunne skilje ut kven som er den vonde eller den gode i segnene. Til tross for dette, kan ein sjå eit skilje mellom dei kvinnelege historiske og overnaturlige skikkelsane i segnene. Der dei historiske oftast har biroller, eller blir hardt påverka av dei rundt seg, har dei overnaturlige segnene sterke feminine skikkelsar. Sjøormen Selma og dei tri gygrene er døme på dette. Sjøormen og særleg Tårån er begge sterke, og kjempar om deira rett til å leve og om deira heim plass.

Det er også verdt å leggje merke til at i originalsegna om Sjøormen, blir Sjøormen omtala som ein maskulin skikkelse. I seinare tid, samt i store delar av dei eldre segnene, blir Sjøormen omtala som ein kvinneleg skikkelse (Sandsdalen, 1976). Det er dermed ikkje ein ny framstilling, og kommer derfor ikkje av at ho nå blir framstilt som eit offer. Nå i nytid, blir Sjøormen berre omtala som kvinneleg og med namnet Selma. Av den grunn har eg basert den generelle diskusjonen med kjønn og det gode og det vonde om Sjøormen, med at Sjøormen er ein kvinneleg skikkelse.

Religion og kjærleik

Ein kan sjå at tematikken religion og kjærleik er noko av det som førekjem mest i segnene frå Seljord. Årsaka til dette kan vere at religion og kjærleik er to viktige element og tema i kvart individ sitt liv, samt viktige element for samfunnets utvikling. Religion har alltid vore med på å forme samfunnet, med at reglane og trua i religionen peiker til det som er rett og gale. Følgeleg vil det ofte vere at dei religiøse representasjonane i folkedikting blir framstilt som gode (Solberg, 1999, s. 168). Dette får me til dømes sjå i *Då Heilag Olav fekk tussen til å byggje kyrkje for seg* der Olav den heilage, blir framstilt som god og helten i segna. I segna held han seg relativt roleg, og han klara å beseire tussen, med å ha full tru på at Gud ville geleide han til svaret. Dette er ein motsetning til korleis han blir representert i *Tårån i trøppin*. Her blir han heller snar sint, og bruker den kristne makta og gud til å gjere vondskap på andre. Ein veldig religiøs person kan seie at Olav den heilage gjorde det riktige, men andre vil kanskje sympatisere med Tårån og hennar reaksjon til den totale skiftet i bygda.

Religion som påverknad på det gode og det vonde i forteljinga om gygrene, er heller meir usikkert. Hovudkonflikten er mellom Tårån og kristendommen som kjem til bygda med Olav den heilage i spissen (Telnes S. , 1981, ss. 68-69). Tårån utagerer på kyrkja som blir bygd, og det blir skildra som at freden blir brote med at kristendommen kjem. Olav den heilage svarar med å straffe alle gygrene, med guds hjelp. Dei gjer altså begge vonde

handlingar mot kvarandre. Konflikten kan vere ein representasjon av kristninga av Noreg, og den innvendige konflikten den norske befolkninga hadde mellom kva som var den rette religionen. Forskaren Bruno Bettelheim, var svært inspirert av Freud, og bruka psykoanalysen til å analysere undereventyr. Bettelheim argumenterte for at «undereventyret behandlar allmenne konflikter i menneskelivet» (Solberg, 1999, s. 145). På tida handlinga i segna føretok seg, var usikkerheita med religion ein stor og allmenn konflikt i samfunnet og i det indre mennesket. I norrøn mytologi er ‘gyger’ eit meir negativt kallenamn for ei kvinneleg jotun (Steinsland, 2005, s. 253). Ein kan derfor tenkje seg at gygrene har ein direkte samanheng med mytologien, slikt at gygrene blei eit symbol på skiftet frå den positive til den negative meininga om den norrøne mytologien. I folkedikting er det svært normalt at overnaturlige skikkelsar og maktar blir bruka som symbol for å uttrykkje temaet og budskapet i forteljninga (Solberg, 1999, ss. 141-143).

Kjærleik er også eit tema som kjem fram i segnene frå Seljord. Alle dei fem segnene viser kjærleik til noko eller nokon; kjærleik til gud, kjærleik til heimen, men også kjærleik til det motsette kjønn. I *Skuldalsbruri* og *Streke Nils* møter me på den siste nemnte typen for kjærleik. Ekteskapet var ein viktig del av livet i bondesamfunnet, og livet til ein person blei bestemt gjennom kven ein gifta seg med (Solberg, 1999, ss. 198-199). Det er berre nyleg, at giftemål og reproduksjon ikkje er ein like viktig del av samfunnet. Til tross for at kjærleik i botn og grunn er ein fantastisk ting mellom to individ, blei ekte kjærleik sette til side for ære og familiens rykte i bondesamfunnet (Solberg, 1999, ss. 198-199). Segnene er med på å vise samfunnets tankegang om ekteskap, og kva som skal vere resultatet av det. Dåtidas ekteskap var basert på kva vinninga eller eit eventuelt tap, ein kunne få av å gifte seg med ulike personar. Ekteskap var derfor viktig for både æra, men også for staten, då eit ekteskap måtte til for å kunne få noko form for suksess i staten sitt bilde (Solberg, 1999, s. 198). Dette gjorde at det ofte var foreldra som bestemte kven ein skulle gifte seg med, slikt som i *Skuldalsbruri*. Dette førte til fleire ulykkelege ekteskap og liv, der mange blei tvinga til å vere med nokon dei ikkje elska. Til tross for at ein gifta seg ung, hadde mange hatt tid til å forelske seg i ein annan før ein blei gift, samt i nokre tilfelle etter ekteskapet. Derfor kunne det bli eit behov om å snakke om kjærleik og drøyme seg bort i forteljingar om lykkeleg kjærleikheit (Solberg, 1999, s. 199). Kjærleikstematikken kunne gi håp om å kunne oppleve ekte kjærleik i livet sitt, slikt som mellom Sterke Nils og kona.

Konklusjon

Etter å ha sett på fem segner frå Seljord kommune kan ein seie noko om korleis skiljet mellom det gode og det vonde blir framstilt i segnene. Ein kan blant ana sjå at helten alltid blir plassert i subjektaktanten, om helten er til stades. Når ein helt ikkje er til stade i segna, ser ein at offeret overtek subjektaktanten. Fienden til subjektet vil derfor alltid stå i motstandaraktanten. Dette vil bety at segner frå Seljord set eit skilje mellom den gode og den vonde sida, i kva funksjon aktørane har i segna. Ein kan også sjå eit skilje mellom korleis dei overnaturlige skikkelsane og menneska blir framstilt i forskjell til kvarandre. I to av dei tre segnene med overnaturlige skikkelsar, blir dei overnaturlige skikkelsane framstilt som dei vonde. I det tredje segna, kan ein også sjå at framstillinga av dei overnaturlige skikkelsane forandrar seg om handlinga inkluderer representasjon frå den menneskelege verda. Der dei overnaturlige skikkelsane står aleine, slikt som i del ein av *Tårån i trøppin*, blir dei framstilt som gode, men i del to der det er menneskerepresentasjon, blir framstillinga av Tårån meir usikker, og ikkje klart god som i del ein.

Videre kan ein sjå ein samheng mellom kva samfunnsrolle ein skikkelse har, og om dei er gode eller vonde. Til tross for skildringa Wille gjev av ein god mann, ser ein at dette ikkje nødvendigvis stemmer med segna frå Seljord. Dei to mektige eller rike personane me møter på i segna, er Olav den heilage og faren til Signe. Olav er framstilt som god i eit segn, men usikker i *Tårån i trøppin*. Faren til Signe blir derimot framstilt som vond. Ein vil heller kunne seie at det er dei fattige som blir framstilt som representantar frå den gode sida, slikt som Sterke Nils og offera Gunnleik og Signe. Signe kom frå ein mektig familie, men som kvinne og einaste arving, hadde ho ikkje styring over sitt eget liv eller økonomi.

Samanhengen mellom kjønn og det gode og det vonde, kan vere vanskeleg å stadfeste. Likevel, kan ein sjå at maskuline skikkelsar får ein klarare framstilling av å vere god eller vond, som eit resultat av det patriarkalske bondesamfunnet. Dei kvinnelege skikkelsane i dei menneskelege segnene opptrer som enten offer eller hjelparar, og hjelper lesaren av segna å tyde kven som er den gode eller vonde. Overnaturlige kvinnelege skikkelsar, er i motsetning til kvinnene i dei historiske segnene, fysisk sterke og stae. Dei kan vere offer for samfunnet, men blir fortsett sett på som hovudsakeleg vonde eller ubestemmelege.

Religion og kjærleik som tema kan vere ein rettleiar på korleis framstillinga av skiljet mellom det gode og det vonde er i segnene frå Seljord. Likevel, er det ikkje alltid heilt klart kva slags side som er den gode eller vonde når det oppstår ein konflikt mellom dei ulike religionane. Kristendommen vil kunne tenkjast i dei fleste tilfella å representere det gode, då

dei kristne verdiane er med å bestemme samfunnets normer og reglar. Til tross for dette, kan fleire av segnene vere basert på dei verkelege kjenslene folket hadde ovanfor det kristne regimet og eliten. Kjørleikstemaet me møter på i segna frå Seljord er også med på å vise oss kvar skiljet går mellom det gode og det vonde. Sympatien vil liggje med dei som er forelska, og dei vil bli framstilt som representasjonar av den gode sida slikt som Signe, Sterke Nils og hans kone.

Til slutt kan ein konkludere med at framstillinga av skiljet mellom det gode og det vonde i segnene frå Seljord blir påverka av lokalsamfunnet. Det gode og det vonde vil ergo bli dømt ut i frå kva handlingar og eigenskapar samfunnet legg vekt på, i den tida segna blir forfatta. Til tross for at segner ikkje har som mål å skildre samfunnet dei lever i, er dei fortsett ei god kjelde på kva normer og forutsetningar samfunnet segnene kjem frå har. Det vil derfor vere naturleg at skikkelsane ikkje er klart gode eller vonde, då det er vanskeleg å dele inn verdas befolkning inn i god eller vond. Segn påstår tross alt å vere sanne forteljingar om skikkelsar som har levd og eksistert.

Hovudlitteratur

Andersen, P. T. (2012). *Norsk litteraturhistorie*. Oslo: Universitetsforlaget.

Greimas, A. J. (1987). Actants, Actors, and Figures. I A. J. Greimas, *On Meaning Selected Writings in Semiotic Theory* (ss. 106-120). Minneapolis: University of Minnesota Press.

Propp, V. (1968). *Morphology of the Folktale*. Austin: University of Texas Press

Solberg, O. (1999). *Norsk folkedikting: Litteraturhistoriske linjer og tematiske perspektiv*. Oslo: Cappelen akademiske forlag.

Solberg, O. (2007). *Inn i eventyret*. Oslo: J.W.Cappelens forlag AS.

Sekundærlitteratur

Casey, K., Novick, K., & Lourenco, S. F. (15. desember 2021). *Sixty years of gender representation in children's books: Conditions associated with overrepresentation of male versus female protagonists*. Henta frå PLOS ONE:
<https://journals.plos.org/plosone/article?id=10.1371/journal.pone.0260566#sec015>.

Sandsdalen, H. j. (1976). *Ormen i Seljordsvatnet*. Oslo: Noregs boklag.

Seljord Kommune. (22. februar 2022). *Om Seljord*. Henta frå Seljord kommune:
<https://www.seljord.kommune.no/om-seljord.492206.nn.html>

Steinsland, G. (2005). *Norrøn religion: Myter, riter, samfunn*. Oslo: Pax Forlag.

Telemarkshistorier. (14. mars 2021). *Sjøormen i Seljordsvatnet*. Henta frå Telemarkshistorier:
<https://telemarkshistorier.no/kultur-og-tradisjon/sjoormen-i-seljordsvatnet/>

Telnes, B. (5. september 2021). *Sterke-Nils*. Henta frå Lokalhistoriewiki:
<https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Sterke-Nils>

Telnes, S. (1981). *Folkeminne frå Telemark*. Seljord: Nemnda for Folkeminnegransking i grunnskolen.

Wille, H. J. (1786). *Beskrivelse over Sillejords Præstegield i Øvre-Tellemarken i Norge*. København: Gylden dals Forlag.

Vedlegg

Vedlegg 1 – Sterke Nils

Godhug for dyr

Medan Nils og Anne budde på Ramskeid, såg han ein dag to karar som kom med eit stort lass smørholkar. Dette hadde dei kjøpt på staular i Vest-Telemark, og no skulle dei heim att til Bø. Lasset var så tungt at hesten ikkje greidde å dra det opp den bratte Bryggebakken på nedsida av Nordre Heggveit. Men karane piska hesten og truga han til å halde fram opp bakken. Nils lika ikkje at hesten blei slått. Difor gjekk han ned til veggen og sa: "Dette er ikkje meir enn ein sterk kar dreg opp." Då fekk han til svar, at om han greidde det, skulle han få heile lasset. Nils sprette frå hesten, drog lasset opp bakken, forsynte seg med to av smørholkaner, og gjekk heim. Utpå hausten kom karane att for å ta hemn. Dei hadde fått med seg ein kjempekar frå Bø, så dei kjente seg trygge då dei skulda Nils for å vera smørtjuv. Anne, som kjente mannen sin godt, såg at Nils var i ferd med å bli verkeleg sint. Ho åtvåra karane frå Bø om at Nils ikkje var å spøke med når han blei sint. "Det er no vel aldri Sterke-Nils me har kome ut for," sa karane og strauk på dør. Så me skjønar at ryktet om kjempekreftene hans var godt kjent i mange bygder.

Vedlegg 2 - Då Heilag Olav fekk tussen til å byggje kyrkje for seg

DÅ HEILAG OLAV FEKK TUSSEN TIL Å BYGGJE KYRKJE FOR SEG

Då Olav den heilige for gjennom Seljord, skulle han byggje kyrkje nede på Vallarhaug. Det var ein tusse som skulle byggje ho, og han fekk med seg mange andre tussar. Løni tussen skulle ha, var at når han var ferdig med kyrkja, så skulle Olav veta namnet åt tussen.

Visse han det ikkje, skulle tussen få hjarta åt Olav. Du kan tru det blei livleg i Seljord! Somme tussar drassa fram material, og somme bygde. Det gjekk fort unna. Snart nærma det seg tidi at kyrkja var ferdig, men enno visste ikkje Olav kva tussen heitte. Og det såg speleg ut for Olav som då kom til å misse hjarta sitt. Kvelden før kyrkja var ferdig, gjekk Olav oppover mot Skorve. Der kom han til å gange framom eit berg, og der høyrde han ei som sat inni berget og sulla og song for barnet sitt:

Sullan, sullan lite bån.
Snart kjem Fing Fong, far din,
med sol eller måne og kristen manns hjarta
til leikur for bån.

No visste Olav kva tussen heitte!

Dagen etter kom Olav gangans ned til kyrkja. Tussen stod på taket og sette på spiren.

Olav ropa opp til han: »Spiren stend skakt, Fing Fong«. »Skakkare ska den bli«, sa Fing Fong. Men så datt han ned av taket og slo seg ihjel. Men Heilag-Olav hadde då berga livet sitt.

Det var på den same turen at Heilag-Olav drog forbi Brunkeberg, og at Olavskjelda spratt fram der han sette staven sin. Såleis lyder i alle fall segni om ho er sann eller ikkje, men det kan ikkje eg avgjera.

(Etter Kjetil Kvaale, Langelim)

Vedlegg 3 - Skuldalsbruri

SKULDALSBRURI

Det va ein gong ei jente som heitte Signe Skuldal. Faren va rik, og ho var einast arvingen te den fine Skuldals garden. Dife va friaran' mange. Men Signe sa nei te dei alle. Ho ha blive glad i ein husmannsgut. Faren sette seg imot at ho skulle ha noko med han å gjera, og te sist gjekk ho med på å gifte seg med ein rik odelsgut.

Om kvelden dansa og tura dei i bryllupsgarden, og det va ingen som la merke te at bruri sneik seg ut. I måneskinnet sprang ho ned te ei liti tjønn. Der drukna Signe seg. Ho orka ikkje leva lenger når ho ikkje fekk den ho ville hava.

Vedlegg 4 – Tårån i Trøppin

Tårån i Trøppin

Fø lenge, lenge sea, i hedensk tid, budde det tri gygrur på fjølli i Flatdal. Det seiest at dei var systrar, den eine heitte Tårån, den andre Glima og den tredje Signe.

Tårån og Steingrim, mannen hennar, budde på Skorve. Glima budde på Mælefjell, og Signe heldt te i Bindingsnuten. Dei tri gygrin' sat på fjølli sine og bles på lur te einanen. Tårån hae mest ljom i luren sin. Det kom av at ho budde på Skorve, det største fjøllet.

Tårån og Steingrim hae mange dyr, både sauir og kyr. Ein dag var Steingrim ute og gjette buskapen. Då det kvelda, la han i veg heimivi att. Veggen uppivi te Skorve var bratt og ulend, og Steingrim var gamal og krank, så då han hae kome eit stykke på veg, gjekk det slik te at han glei og datt nesten utafe. Tårån vart redd då ho såg detta. Derfor laga ho nokre store trøppettrinn i fjøllsida så det ikkje skulle gange gale med Steingrim. Trøppe trinni klora Tårån ut med bare fingan'. (og dei er gødt synlege den dag i dag i fjøllsida ovafor Flatsjá.) Såleis fekk gygri i Skorve namnet «Tårån i trøppin».

Dei tri gygrin levde i fred og ro på fjølli sine i mange år, men så ein dag vart freden broten. Heilag Olav kom gjennom dalen. Han ville kristne følket og byrja på eit kyrkjebygg like onder Skorve. Dette lika kje Tårån. Ho tok te å kaste stein på kyrkja, men det hjelpte ikkje. Då kyrkja var ferdig, mana Heilag Olav alle tri gygrin i svevn.

Etter å ha søve i mange år, vakna Tårån. Ho kjende seg klaka og støl etter den lange svevnen. Då ho glodde ned i dalen, såg ho kyrkja. Ho låg nedpå sletta og lyste i solskinnet. Tårån lika seg ikkje. Ljomen frå kyrklökkun; og salmesongen forstyrre henne. Det skar i øyro hennar, og ho krauna og klaga.

Te slutt ropa ho te Glima i Rupedalar. Og Glima var samd med Tårån i at kyrkja nedpå fløti var ein fæl ting, salmesongen og klokkeklangen ikkje mindre.

Men med Signe i Bindingsnuten var det ansless. Ho sat og lydte når klökkun kima te messe, og når kyrkjelyden song salmar, syns ho det var sers fint. Det enda med at Signe reiste ned te Flatdal for å gange te messe. Etter dette fekk ho namnet «Ljose-Signe i Bindingsnuten».

Slik enda segni om dei tri gygresystan'. Tåtån og Glima streid mot kristendomen, men Signe gjekk ivi frå heidenskap te den kristne trui.

Den kjende spelemannen Torkjell Haugerud heve laga tri slåttar etter denne segni, ein te kvørr av gygrin.

Sigurd Nes heve dikta diktet «Draum» som byggjer på segn om Tårån, Glima og Signe.

Vedlegg 5 - Sjøormen

Ein av dei eldste sogene om at det er ein vassorm i Seljordsvatnet skriv seg frå 1750. Gunnleik Andersson Verpe frå Bø hadde kjøpt garden Nes som ligg ved ytre del av Seljordsvatnet. Det var dårleg veg på vestsida av vatnet, så flyttelasset vart transportert i to prammar frå Ulveneset. Mannen rodde den eine og hadde den andre prammen hengande på slep. Brått dukka Sjøormen opp. Han var så pågåande at han velta prammen som hekk på slep.

Vedlegg 6 – Propp sine 31 funksjonar

<i>Funksjon</i>	<i>Definisjon</i>	<i>Funksjon</i>	<i>Definisjon</i>
1. <i>Avreise frå heime</i>	Enten helten eller ein av medlemmene av familien reiser frå heimen (kan vere fysisk reise frå sted til sted, samt eit dødsfall)	16. <i>Strid</i>	Helten og fienden går mot kvarandre i strid/kamp
2. <i>Forbod</i>	Eit forbod blir satt mot noko bestemt/ein bestemt handling (kan også skje eit påbod)	17. <i>Merka</i>	Helten får eit merke, som kan kome i form av fysiske skadar frå strida, eller at helten får eit objekt
3. <i>Brot av forbod</i>	Forbodat gjeve i funksjon 2 blir brote (2 og 3 heng ofte saman)	18. <i>Seier</i>	Fienden blir beseira av helten (16-18 heng ofte saman)
4. <i>Rekognosering</i>	Fienden vil skaffe informasjon om familien	19. <i>Skaden blir gjort god</i>	Skaden eller mangelen utført av fienden blir gjort god igjen
5. <i>Informasjon</i>	Fienden får tilgang til/skaffar seg informasjonen hen ynskja om familien (4 og 5 heng ofte saman)	20. <i>Returnerer</i>	Helten returnerer til staden han kom frå
6. <i>Fange/narring av offer</i>	Fienden narrar eller fangar offeret sitt	21. <i>Forfylgje</i>	Helten blir forfylgt
7. <i>Offeret hjelper fienden</i>	Offeret lar seg bli narra eller fanga av fienden, og hjelper fienden (6 og 7 heng ofte saman)	22. <i>Berging</i>	Helten blir redda vekk frå å vere forfylgd
8. <i>Skade</i>	Fienden utfører ein skade på eit familiemedlem	23. <i>Ukjensleg</i>	Ingen kjennar igjen helten då han kjem tilbake
8a. <i>Mangel</i>	Eit familiemedlem enten manglar noko eller vil ha noko	24. <i>Falsk helt</i>	Ein falsk helt kjem fram og vil ta prisen til helten
9. <i>Skade/mangel blir kjent</i>	Helten blir her introdusert, med at skaden/mangelen blir gjort kjent for hen	25. <i>Vanskeleg oppgåve</i>	Ein vanskeleg oppgåve blir gjeve til helten
10. <i>Mothandling</i>	Den leitande helten vel å reagere og gå til mothandling	26. <i>Løysning</i>	Den vanskelege oppgåva blir løyst av helten
11. <i>Avreise</i>	Helten reiser heimanfrå (9-11 heng ofte saman)	27. <i>Kjent igjen</i>	Helten blir nå gjenkjent, gjerne via merka han blei fekk tidlegare
12. <i>Gjevaren gjer til helten</i>	Gjevaren gjev ein test/til helten, og helten blir sett på ein prøve	28. <i>Avslørt</i>	Fienden eller den falske helten blir avslørt
13. <i>Helten reagerer</i>	Helten utfører og lykkjas med testen/prøva gjevaren gav	29. <i>Ny utsjånad</i>	Helten har fått eit nytt utsjånad. Kan bli vist i fysiske merke, men også i til dømes nye klede
14. <i>Magisk element</i>	Eit magisk hjelpemiddel blir gjeve til helten	30. <i>Straff</i>	Fienden eller den falske helten får ein straff for det dei gjorde/sa
15. <i>Helten reiser</i>	Helten reiser/blir ført bort til ein ana stad/land, eller leda til gøymeplassen til eit objekt	31. <i>Giftemål</i>	Helten tek over trona og halve kongerike og gifter seg med prinsessa